

Møteinnkalling

Utvalg: **Arbeidsutval - Nasjonalparkstyret for Reinheimen**
Møtested: , E-post
Dato: 21.11.2013
Tidspunkt: 12:00

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. xxxx.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 22/2013	(Bestillingsdialogen 2013 - godkjenning av disponering av midla)		2013/2642

Arkivsaksnr: 2013/2642-0

Sakshandsamar: Trond Stensby

Dato: 19.11.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutval - Nasjonalparkstyret for Reinheimen	22/2013	21.11.2013

Bestillingsdialogen 2013 - godkjenning av disponering av midla

Forvaltar si innstilling

AU-Nasjonalparkstyret sluttar seg til bruken av midla i Bestillingsdialogen for 2013 slik det er gjort greie for i vurderinga i saka.

Saksopplysningar

Gjennom bestillingsdialogen med SNO for 2013 er Reinheimen tildelt

- kr. 150.000,- til prioriterte tiltak, og
- kr 340.000,- til «frie middel» for nasjonalparkstyret.

På siste møte i nasjonalparkstyret (13.-14.08.13) vart det ikkje tid til å orientere om saka, og heller ikkje hadde ein god nok oversikt over kostnadene i dei ulike prosjekta. På tampen av møtet i nasjonalparkstyret vart derfor semje om å sluttbehandle bruken av midla frå bestillingsdialogen i AU-Nasjonalparkstyret.

Vurdering

I tabell 1 er det gjeve ei oversikt over bruken av midla. Grøne felt gjeld beløp som anten er utbetalt, fakturert eller avtalt. Gule felt er beløp som krev tilslutning frå AU-Nasjonalparkstyret.

Tabell 1. Oversikt over prosjekt i bestillingsdialogen 2013

Prosjekt	Beløp	Tildelt 2013	Beløp
A. Skjøtselsavtaler, Romsdalen, Lordalen og Finndalen LVO	75000	Prioriterte middel (Jf. prosjekt A+C)	150000
B. Tavler Dønfoss og Billingen	32000	Frie middel (Jf. prosjekt D-H)	340000
C. Fornying tavler, Slettvikane og Muldalsvika	13250		
D. Benkar ved Muldalen	29000	Buffer	2050
E. Toalett Zachariasdammen - innfallsport	85000		
F. Muldalslivegen avtale om vegvedlikehald 4 år	135000		
G. Rauma kommune, rydding Gravdehaug i tråd med skjøtselsplan	50000		
H. Stigprosjekt ÅST - Zachariasdammen -Reindalseter	68700		
Forbruk 2013	487950		

Omtale av dei ulike prosjekta.

- A. Tiltak i tråd med skjøtselsplanar og skjøtselsavtalar.
- B. Nye tavler ute ved infoportalen på Dønfoss, utskifting av tavler på Billingen
- C. Utskifting av tavler + ei ny for Trollstigen LVO på Slettvikane.
- D. Tilrettelegging av rasteplass ved Muldalsgardane – også kanalisierende effekt.
- E. Zachariasdammen er den viktigaste innfallsporten til Reinheimen for forturistar – dokumentert i brukarregistreringa. Viktig tiltak for å sikre ein god standrad på innfallsporten.
- F. Vegen opp Muldalslia er viktig som kulturminne, som innfallsport og ein føresetnad for å kunne drive skjøtsel på Muldalsgardane og Tafjordsætra. Viktig at tiltaket skjer i tråd med vernereglane for naturreservatet forvalta av Fylkesmannen i Møre og Romsdal og landskapsvernområdet forvalta av nasjonalparkstyret for Reinheimen.
- G. Tiltak i tråd med skjøtselsplan for Gravdehaug.
- H. Stigen til Reindalsseter er den viktigaste turiststigen i Reinheimen. Viktige å ha ein god standard, og førebygge terrengslitasje og erosjonskader.

Tabell 1. Vurdering av tiltaket etter miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12

§§	Relevans	Vurdering
8. (kunnskapsgrunnlaget)	Ja	
9. (føre-var-prinsippet)	Ja	Tiltaka førebygger ei uheldig utvikling når det bevaring av biologisk mangfald, skader på terreng og kulturmiljø og dårlege hygieniske forhold.
10. (økosystemtilnærming og samla belastning)	Ja	Tiltaka bidreg til å ivareta verneverdiar og økologiske forhold i Reinheimen.
11. (kostnadene ved miljøforringels skal bæres)	Nei	

av tiltakshaver)		
12. (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)	Ja	Tiltak skal førebygge skader på miljøet, men må også skje på ein måte som ikkje skaper skader i seg sjølv, jf også forholdet til verneforskriftene.

Konklusjon

Bruken av midla i bestillingsdialogen 2013 bidreg til å ivareta verneverdiar, oppfylle verneføremåla og sikre almenta tilgang på eit enkelt friluftsliv i verneområda.